



DEN NORSKE KYRKJA

Ål kyrkjelege fellesråd

Møtebok

ÅL 09.09.2025

Møtestart: Kl 18.15 Ål kyrkjestugu

Møteslutt: Kl 20.15

Til stade:

Medlemer: Inger Haug (Leveld), Frøydis Stoveland Dekko (Torpo), Kari Kristine Flatland (Torpo), Audun Vestenfor (Ål), Anne Kjersti Frøyen (Ål), Arild Øystese Hansen (Ål), Ingrid K. Hajem (Ål), Solveig Løkensgard Arnegard (komm.repr), Kristoffer Lønning Tørressen (setteprost)

Varamedlem som møtte:

Andre: Kristoffer Krohn Sævre, sekretær

Forfall: Liv A. Solberg, Camilla Osnes (prost permisjon)

Merknader:

SAKSLISTE:

FR-sak 25/25: Godkjenning av referat frå møtet 27.05.25 og innkalling 09.09.25

FR-sak 26/25: Oppdatering varmeanlegg i Ål kyrkje

FR-sak 27/25: Økonomisk halvårsrapport 2025

FR-sak 28/25: Budsjett 2026

FR-sak 29/25: Tilsetting av ny diakon

FR-sak 30/25: Orienteringssaker

FR-sak 22/25: Søknad om vern av gravminne

FR-sak 31/25: Personalsituasjonen – oppdatering

FR-sak 32/25: Samtale med ny kyrkjeverje

FR-sak 33/25: Møtedatoar

FR-sak 25/25: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 27.05.25 OG MØTEINNKALLING 09.09.25

Saksdokument:

Møtebok frå møtet i Ål kyrkjeleg fellesråd i møte 27.05.2025 vert lagt fram for eventuelle korrigeringar og til godkjenning.

Møteinnkallinga for møtet 09.09.2025 er lagt fram for godkjenning.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 09.09.2025

VEDTAK : Ål Kyrkjelege Fellesråd godkjenner møteboka frå 27.05.2025.

Ål Kyrkjelege Fellesråd godkjenner innkallinga til møtet 09.09.2025.

Sak om lys ved gravene kjem i neste møte.

FR-sak 26/25: OPPDATERING VARMEANLEGG I ÅL KYRKJE

Saksdokument:

Teikningar og bilete

Saksopplysningar:

Me gjennomførte anbudsrunde med frist for innlevering 7. august 2025 kl 12:00. To tilbud var innlevert innan fristen, og Nordheim VVS vann anbudsrunderen ut ifrå dei definerte kriteria.

Søknaden om tilskot vart behandla og vedtatt i formannskapet 18. august og kommunestyremøtet 28. august med ei ramme på inntil 2,5 millionar kroner i tillegg til allereie innvilga investeringsmidlane på 550,000 motteke i 2025.

Nordheim VVS vil vere hovudentreprenør for arbeidet, forutan det elektriske arbeidet. Dei har allereie begynt det innleiande arbeidet med mål om å vere ferdige med nytt anlegg innan slutten av oktober.

Energibrønnane vil borast i veke 37 og vi må rekne med noko støy og graving dei dagane.

Aktivitetane i kyrkja vil halde fram som før og arbeidet med varmeanlegget vil tilpassast primæraktivitetane i kyrkja.

Me har sendt varsling og søknad til Riksantikvar og bispedømet. Saksbehandlar hos Riksantikvaren behandla søknaden 2. september. (oppdatering kjem)

Radiatorane som rauk forårsaka behovet for nytt varmeanlegg. Me kontakta forsikringsselskapet KNIF for mogeleg refusjon, men dei har avvist kravet fordi utlegg me fekk til rørleggarar var under eigenandel på kr 25.000,-. Dei vil dermed ikkje refundere utlegga. Vedrørande nytt anlegg så vurderast det som vedlikehald og omfattast ikkje av forsikringa.

Tekniske vurderingar og endringar:

- Me vurderte å bruke det gamle fyrrommet under kyrkjestugu til varmesentral, men konkluderte at det ikkje vil gevinst verken i arbeid eller kostnad, derfor blir varmesentralen montert i kjellaren slik opphavleg planlagt. Me mister noko lagerrom.

- Varmerøra inne i kyrkjerommet må antakeleg leggjast opent langs veggen under viftekonvektorer – dette grunna svært tjukke grunnmurar under kyrkja. Varmerøra er isolerte og vil ikkje innebere risiko då dei vil gje frå seg svært lite varme. Det vil innebere ei estetisk endring, og Riksantikvaren er venta å gi ei uttale om dette.

- Fargen på viftekonvektorer som skal erstatte radiatorar vil truleg bli noko mørkare enn dei noverande lysegrå. Me ser det likevel best å velje ei standard gråfarge – både grunna kostnad og framtidig vedlikehald og eventuell utskifting. Ei tilpassa gråfarge ville auka kostnaden med kr 75,000 og ville gjort det vanskelegare å skifte ut eventuelle deler eller viftekonvektorar i framtida.

- Det er behov for ein teknisk «bod» til styringsanlegget, og me ser det tenleg å bygge eit slikt rom utanfor det vesle toalettet i sørdelen av våpenhuset.

Det nye varmeanlegget vurderast å kunne betene kyrkjestugu med varme i framtida, men på noverande tidspunkt ville det auka arbeidet og kostnaden i slik grad at me vel å ikkje inkludere det i det planlagde arbeidet i 2025.

Det vert eit gap på 2 veker mellom gamle radiatorar tas ut og nye viftekonvektorar er montert og klare – i så fall må kyrkja vurderast stengt eller varme opp med vifter eller liknande til arrangement.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 09.09.2025

VEDTAK : Fellesrådet takker for oppdateringa.

FR-sak 27/25: ØKONOMISK HALVÅRSRAPPORT 2025

Saksdokument:

Vedlegg 1: Rekneskapsrapport januar-august 2025

Saksframlegg:

I korte trekk viser rekneskapet januar-august at me er nokon lunde innafor budsjett. Kolonna R 2025 er regnskapet ført hittil i år, B 2025 er budsjett 2025. Nokre punkt det er verdt å merke seg:

- Lønna er vår største utgift. Fastlønna viser at me har brukt 52%, medan eit normal forbruk skulle tilseie 63% etter august. Me må notere oss at vikarkyrkjevevja si løn er ført på 10200 vikarlønn, og at det forklarar noko av mindreforbruket, men likevel er me under forventa forbruk. Diakonstillinga står vakant i juli og august, noko som kan forklare det resterande underforbruket.
- 10900 Pensjonsinnskudd og 10990 arbeidsgivaravgift er store utgifter, men ikkje langt unna budsjett.
- 11201 Kyrkjebladet er trykka, men ikkje fakturert enno, derfor underforbruket.
- 11400 hadde ikkje budsjettert utlysing etter ny diakon, dermed noko overforbruk.
- 11850 Forsikringar betalast tidleg i året, derfor fremstår det som eit overforbruk.
- 11952 Kommunale avgifter vil bli overforbruk.
- 11953 Datalisens ser ut til å gå over, men noko er årsabonnement.
- 12000 Inventar er allereie kjøpt inn og kan tilpassast resterande år.
- 12700 Andre tenester fremstår som underforbruk, men revisjon er enno ikkje gjort og fakturert (stor kostnad), og det vil bli kostnader ved folkemusikk-seminaret i september.
- 16100 innbetaling frå konfirmentar etc vil kome i haust.
- 16300 festeavgifter kjem inn på hausten.
- 18450 overføring frå kommunen fremstår som me har motteke meir enn budsjettert og innvilga, men det kan forklarast med innvilga refundert underskot frå 2024 + ei ekstrabevilgning til kulturformål i april.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 09.09.2025:

VEDTAK: Fellesrådet tek halvårsrapporten til orientering.

FR-sak 28/25: BUDSJETT 2026

Saksdokument:

Vedlegg 2: Fyrste utkast til budsjett 2026

Saksframlegg:

Budsjettutkastet viser at for å ivareta noverande drift og presentere et budsjett i balanse, så må fellesrådet be om auka rammeoverføring frå kommunen til 2026 (sjå Art 18450 i budsjettet).

I 2024 hadde kyrkja eit meirforbruk på kr 258,534. I 2025 har me i tillegg hatt ei lønnsjustering på 5%. Konsumprisindeksen i 2025 er på rundt 3,3%, og enda høgare på bustad, lys og brensel, samt post- og teletenester, noko som vil få ei direkte påverknad på vår drift. Me er per september 2025 i ferd med å fylle alle ledige stillingar, inkludert diakonstillinga som er vakant delar av 2025. Me har også sidan 1. august på plass kyrkjevevje i full stilling – ei stilling som i første halvdel av 2025 har vore fylt av vikar i redusert stilling (60-70%) på pensjonistvilkår.

Me kan i tillegg nemne at kyrkja har mange praktiske behov som gjer at me hadde hatt nytte av ei auka stilling for kyrkjetenaren som per september har 40% stilling, men ei slik auke er ikkje lagt inn i budsjettutkastet.

Kommunens administrative budsjettdirektiv for 2026 er å behalde same driftsutgiftsramme for 2026 som den er pr 01.04.2025 - altså ein reell innsparing på lønnsutvikling og konsumprisindeks i 2026. Dette direktivet vil innebere ei utfordring for kyrkja. Fellesrådets mandat er uansett å legge fram eit

ansvarleg budsjett som tek omsyn til vårt ansvar og faktiske behov ut ifrå det kostnadene me veit vil kome i 2026.

I tillegg har kyrkja betydelege investeringsbehov, men det behandlast i eit eige investeringsbudsjett og har ikkje innverknad på ordinært driftsbudsjett.

Drøfting:

Budsjettet er høgare, men realistisk ut ifrå dei nemnte momenta. Ikkje gitt at det vert innvilga, men me må forsøke.

Er det mogeleg å auke inntekter noko?

Kyrkjeleg sektor er underfinansiert. Må vurdere om aktivitetar må reduserast, om kyrkjer må stengjast i periodar på vinteren m.m. Kan diskutere om vi har for høg forordning med f.eks parallelle gudstenester i kommunen. Prestane gjer mange kyrkjelege handlingar, me ynskjer at dei skal treffe folk. Ikkje flikk på berre dei usynlege postane, vis at kutt får verknad.

Tidlegare fått 450,000 i investering men som ligg i driftsbudsjettet i samråd med kommunen. Nokre lønnsmidlar kan førast på investering viss det er direkte kobla til investeringskostnader.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 09.09.2025:

VEDTAK: Fellesrådet godkjenner budsjettutkastet for 2026 då dette er eit realistisk budsjett ut ifrå faktiske lønn og kostnader i 2025. Fellesrådet ser at me truleg må jobbe vidare med budsjettutkastet etter fyrste respons frå kommunen, og ber kyrkjeverja setje opp ei liste over mogeleg tiltak for å redusere budsjettet, og om mogeleg auka inntektene.

FR-sak 29/25: TILSETTING AV NY DIAKON

Saksdokument:

Vedtak frå PartSamansatt Utval (PSU) om ny diakon.

Saksframlegg:

Me mottok 3 søknader på stillinga. Ut ifrå formell kompetanse og erfaring valde PSU å invitere 2 kandidatar til intervju, men den eine kandidaten trakk søknaden. Intervjuet av den fyrste kandidaten vart gjennomført 29. august 2025 og vedkommande ga eit godt inntrykk. Referansar vart henta inn i veke 36. PSU gjorde vedtak om tilsetting 5. september, med mandat frå fellesrådet FR-sak 21/25, og konklusjonen vart lagt fram i møtet 9. september. Tilbodsbrev til den innstilte kandidaten vart sendt 5. september med svarfrist 12. september.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 09.09.2025:

VEDTAK: Fellesrådet takker for orienteringa.

FR-sak 30/25: ORIENTERINGSSAKER

Saksframlegg:

a) Regnskapet for 2024 viste eit meirforbruk på kr 258,534. Ål Kyrkjelege Fellesråd søkte kommunen om å få dekket meirforbruket. Det vart innvilga og overført.

b) Regnskapet vart sendt til revidering 24. mars. Per 31. august framleis ikkje revidert. Revisjonen var på etterskudd også i 2024, ifølge økonomisjefen i kommunen. Innspel: Spør kommunen om det bør vurderes å skifte revisor hvis dette er ei gjentakende utfordring.

c) Ordna Eiendom / Bevaringsprogrammet ba oss om å prioritere «Kirkekontrollen» med frist 1. september. Kyrkjeverja og kyrkjetener gjennomførte kontrollen 19. august 2025.

d) Kirkerådet vedtok i mai nye retningslinjer for tilskuddsforvaltning. Alle fellesråd må registrere planlagte aktiviteter innenfor diakoni og kirkelig undervisning i «**Kirka vår**» for å kunne motta tilskudd i 2026. Kirkerådet har planlagt digitalt kurs 25. september med veiledning og kursing i bruk av «Kirka vår». Fellesrådet kan få lesetilgang.

e) Det er planlagt å gjennomføre ei medarbeidarundersøking for alle kyrkjelege tilsette i haust med utsending ca. 20. oktober.

f) Minnelund: Navneskilt til minnelunden vart omsider motteke 29. august. Dato for opning av minnelunden må settast når alt er ferdig montert.

g) Regionrådet har vedteke at Hallingdal blir med i utgreiinga av nytt felles krematorium i Ringerike. Nesbyen representerer i fyrste omgang. Det er uttrykt behov for eit meit utfyllande saksframlegg og intensjonsavtale der det kjem fram meir om alternativ, prismodell og oppdaterte tal. Det vert kalla inn til eit nytt møte i april/mai.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 09.09.2025:

VEDTAK: Fellesrådet takker for orienteringane og ber AU sette dato for opning av minnelund når alt er ferdig montert, gjerne i forbindelse med fellesrådsmøtet 7. oktober.

FR-sak 22/25: SØKNAD OM VERN AV GRAVMINNE

Saksframlegg:

Oppfølging frå førre møte med saksnummer 22/25. Fredningstida for den aktuelle grava gjekk ut i 2024. Normal praksis er at festeansvarleg overtek ansvaret etter endt fredningstid. Personen har utmerka seg, men det har også mange andre i bygda, og fellesrådet ynskjer å tenke presedens i tilsvarande saker. Det hender gravminne blir verna viss dei er spesielle og/eller særskilt tidstypiske, men det er ikkje vanleg praksis å verne av personalhistoriske grunnar, noko fellesrådet tidlegare har poengtert.

Fellesrådet har høve til å drøfte eventuell endra praksis der det blir opna for å verne gravminne ut ifrå personalhistorikk. Det bør i så fall drøftast om fellesrådet ynskjer å definere eigne vedtekter forutan det gravplassforskrifta allereie dikterer, og i så fall definere kriterium for særskilt vern av gravminne. Det må også definerast kva for instans eller budsjett som skal dekke slike eventuelle vernevedtak. Inntil ei slik praksis er vedtatt så forhald fellesrådet seg til noverande praksis, og ser difor ikkje høve til å innvilge den mottatte søknaden.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 09.09.2025:

VEDTAK: Fellesrådet avslår søknaden om vern av gravminne. Fellesrådet understrekar at saka ikkje er ei nedtoning av personen si betydning, men sidan søknaden vil medføre ei mogeleg endra praksis så ser fellesrådet det vanskeleg å vedta søknaden før det er drøfta ei eventuell endring av vedtekter. Fellesrådet ber kyrkjevevja innleie ei vurdering og drøfting av vedtektsendring som skal presenterast for fellesrådet i 2026.

FR-sak 31/25: PERSONALSITUASJONEN - OPPDATERING

Saksframlegg:

Fellesrådet vil på komande møter legge inn ei fast orienteringssak om personalsituasjonen i kyrkja.

Prosten orienterte om prestesituasjonen. Gledeleg at me får ny sokneprest 6. oktober. Prostistilling vil bli drøfta med sokneprestar og kyrkjevevjer og lyst ut med søknadsfrist i januar. Nå framover er vi avhengige av noe ad hoc, jobber med å ha ei stabil løysing. Vikarpresten har me fram til mid november slik at det blir noko overlapp med ny sokneprest. Har fleire gode vikarar tilgjengeleg.

Kyrkjevevjerja orienterte om all anna stab ved kyrkjekontoret. Staben er stabil, men har vore gjennom fleire lederskifter dei siste tre åra. Behov for kontinuitet no. Me håper å få på plass ny diakon denne veka. Det er behov for forutsigbare rammer, og timeføringsprogrammet TID kan bidra når det tas skikkelig i bruk. Kyrkjene har behov som tilsier at med kunne hatt kyrkjetenar til vedlikehold i større stilling viss me hadde hatt budsjett. Kyrkjevevjerja anbefaler å videreføre SuperTorsdag i 2026 med midler frå barne- og ungdomskonto – det vil bli lagt fram som forslag til behandling i fellesrådet.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 09.09.2025:

VEDTAK: Fellesrådet takker for orienteringa.

FR-sak 32/25: SAMTALE MED NY KYRKJEVEVJERJE

Saksframlegg:

1. august 2025 tiltredde Kristoffer Krohn Sævre som kyrkjevevjerje i Ål Kyrkjelege Fellesråd. Soknerådet og fellesrådet hadde ei felles samtale med den nye kyrkjevevjerja om oppstarten og samarbeidet dei komande årene.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 09.09.2025:

VEDTAK: Fellesrådet takker for samtalen og ynskjer kyrkjevevjerja velkomen.

FR-sak 33/25: MØTEDATOAR

Saksframlegg:

Soknerådet vedtok følgande datoar for hausten, og det foreslås at fellesrådet vedtek same datoar:

9. september 2025

7. oktober 2025

11. november 2025

2. desember 2025

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 09.09.2025:

VEDTAK: Fellesrådet stadfester datoane for haustens fellesrådsmøter.

Datoar for AU blir sett av fellesrådsleiar, soknerådsleiar og kyrkjevevjerja.